



Styre/råd/utval	Møtedato	Saknr
Utval for plan teknikk og næring	05.05.2020	30/20
Kommunestyret	25.05.2020	61/20

Saksansvarleg: Kari Verpe Hynne

Arkiv: PLANID-04_57_2018,
PLANNAVN-Bø Camping,
PLANTYPE-35, FA-L12, GBN-
10/254

Arkivsaknr.: 20/307

Detaljreguleringsplan for Bø Camping, 2.gongs handsaming

Kommunedirektørens innstilling:

Detaljreguleringsplan for Bø Camping AS vert endeleg godkjent jf. plan- og bygningslova §12-12 med følgjande endringar:

1. **Nytt punkt i føresegnene:**

§7.5 Flaumfare (H320_1)

Innanfor område BC4 er det tillatt å sette opp midlertidige installasjonar som telt, samt parkerast bubilar og campingvogner, men det skal ikkje etablerast anlegg for faste/permanente oppstillingsplassar. Det kan ikkje byggast (heller ikkje spikertelt) i området utan at flaumfaren er greidd ut og at området evt. blir sikra eller fylt opp til sikkert nivå.

2. **Endringar i plankart:**

- Omsynssone Flaumfare (H320_1) må visast på plankart.
- Avstikkar ut mot Lifjellvegen vist som campingformål (B) og som nemnt i saksomtala pkt. 2, må fjernast.

25.05.2020 Kommunestyret

Behandling:

Arealplanlegger Øyvind Dag Dahle orienterte til saken.

Innstillinga fra Utval for plan teknikk og næring ble enstemmig vedtatt.

KS- 61/20Vedtak:

Detaljreguleringsplan for Bø Camping AS vert endeleg godkjent jf. plan- og bygningslova §12-12 med følgjande endringar:

1. **Nytt punkt i føresegnene:**

§7.5 Flaumfare (H320_1)

Innanfor område BC4 er det tillatt å sette opp midlertidige installasjonar som telt, samt parkerast bubilar og campingvogner, men det skal ikkje etablerast anlegg for faste/permanente oppstillingsplassar. Det kan ikkje byggast (heller ikkje spikertelt) i

området utan at flaumfaren er greidd ut og at området evt. blir sikra eller fylt opp til sikkert nivå.

2. Endringar i plankart:

- a. Omsynssone Flaumfare (H320_1) må visast på plankart.
- b. Avstikkar ut mot Lifjellvegen vist som campingformål (B) og som nemnt i saksomtala pkt. 2, må fjernast.

05.05.2020 Utval for plan teknikk og næring

Behandling:

Innstilinga ble enstemmig vedtatt.
Saken skal vidare til kommunestyret.

PTN- 30/20Vedtak:

Detaljreguleringsplan for Bø Camping AS vert endeleg godkjent jf. plan- og bygningslova §12-12 med følgjande endringar:

1. Nytt punkt i føresegnene:

§7.5 Flaumfare (H320_1)

Innanfor område BC4 er det tillatt å sette opp midlertidige installasjonar som telt, samt parkerast bubilar og campingvogner, men det skal ikkje etablerast anlegg for faste/permanente oppstillingsplassar. Det kan ikkje byggast (heller ikkje spikertelt) i området utan at flaumfaren er greidd ut og at området evt. blir sikra eller fylt opp til sikkert nivå.

2. Endringar i plankart:

- a. Omsynssone Flaumfare (H320_1) må visast på plankart.
- b. Avstikkar ut mot Lifjellvegen vist som campingformål (B) og som nemnt i saksomtala pkt. 2, må fjernast.

Bakgrunn for saka:

Søndergaard Rickfelt AS har på vegne av eigar av Bø Camping AS fremja forslag om detaljreguleringsplan for Bø. Føremålet med planen er å stadfeste bruken av området som campingplass. Størstedelen av planområdet er i dag i bruk som campingplass, medan ønska utvida areal mot nord (skal brukast til midlertidige installasjonar (dvs. telt og bubilar), ikkje bygg, spikertelt eller faste konstruksjonar.

Saksomtale:

Hovudutval for plan, teknikk og næring vedtok i møte 28.1.20 (sak 04/20) å legge planforslaget ut til offentleg ettersyn.

Planen har vore ute til offentleg ettersyn i perioden 13.02.20 til 27.03.20 og det har kome inn 3 meknader til planforslaget (for utfyllande informasjon sjå vedlegg).

Innkomne merknader:

1. **Fylkesmannen i Vestfold og Telemark** har følgjande merknader:

Naturmangfald

I følge planskildringa har skogen i nordre del av planområdet, dvs. det arealet som er vist som LNF i gjeldande arealplan, vorte avvirka, og arealet er fylt opp. Vi oppfattar at dette har skjedd i perioden mellom oppstart av planarbeid og offentlig ettersyn, sidan dette ikkje er omtalt i varsel om igangsetjinga av planarbeid datert 14.02.2018. I uttala vår til planvarselet (brev frå Fylkesmannen i Telemark datert 06.03 18) går det fram at vi meinte det var eit visst potensial for særlege naturkvalitetar på dette arealet (rik sandfuruskog), og at det ville vera behov for nærmare utgreingar av dette dersom dette ble foreslått omdisponert.

Vi konstaterer at arealet allereie har vore omdisponert, men kan ikkje sjå at det er gjort nærmare undersøkingar eller vurderingar av verknader for naturmangfald. Vi meiner dette er svært uheldig, og truleg i strid med kravet til aktsomhet, jf. naturmangfaldlova § 6.

Kommentar:

Ved varsel om igangsetjing 14.02.18 (*Vurdering av forskrift om konsekvensutredning*) er det nemnt at nesten heile området er tatt i bruk som campingsformål. Dette er også nemnt i referat frå oppstartsmøte 8.1.18 som låg som vedlegg til varsel. For store delar av område BC4 som i kommuneplanens arealdel er vist som LNF-område var skogen hogd og delar av området allereie fylt opp. Kommunen sette difor krav om innmåling av oppfylte høgder og innmåling av bekk sidan kartgrunnlaget var for dårleg. Kommunen hadde tidlegare også informert Bø camping om at gjennomførte tiltak sett krav til detaljreguleringplan og hadde bedt om at planarbeid straks vart igangsatt. Dette plankravet gjeld også nye tiltak innanfor eksisterande campingplass (område BC1-BC3).


I rapport for biologisk mangfald (pkt. 3 *Befaring i området*) kjem det fram at mesteparten av planområdet allereie var tatt i bruk til campingplass (figur 6 viser ortofoto frå år 2015 , før skogen var hogd.) Ved varsel om planstart var skogen alt hogd ut.

2. **Vestfold og Telemark fylkeskommune** har følgjande merknader:

Når det gjeld kryssing av fylkesvegen for mjuke trafikantar så er det kunn ved hovudatkomsten til campingplassen at det er delvis tilrettelagt kryssing i dag. Ein er kjent med at det er mykje kryssing av fylkesvegen nokre hundre meter lengre aust i retning Bø sommarland. Der er det imidlertid ingen tilrettelegging for kryssing av fylkesvegen. Bø camping bør forsøke å unngå kryssing i det området.

Kommentar:

Punkt A viser kryssingspunkt ved hovudatkomsten til campingplassen med delvis tilrettelagt kryssing mot g/s-vegen. Punkt B viser ei opparbeiding på campingområdet utan nokon tilrettelegging for kryssing av fylkesvegen. I sommarsesongen er det eit stort antal mjuke trafikantar som kryssar fylkesvegen for å kome til Bø Sommarland og ein del av desse vil nok ta snaraste vegen (ved pkt.B) noko som kan vere vanskeleg å unngå. Plankartet bør fjerne denne avstikkaren og eigar av campingplassen bør tilrettelegge og oppfordre gjestene til at kryssing ved pkt. A vert nytta.



3. **NVE.**

Etter at planen vart sendt på høyring har NVE v/Astrid Flatøy tatt kontakt med kommunen og gjort ein merksam på at fareområdet for flaum må merkast i plankartet som omsynssone, sjølv om det ikkje er planlagt bygging innanfor område. Kommunen har difor endra plankartet og lagt inn omsynssone for område BC4 og langs Hellebekk. I tilråding til

2. gongs handsaming vil fareområde for flaum bli vist på plankartet (høgdekote 148 m.o.h.) slik kartutsnitt nedanfor viser. Skille mellom BC3 og BC4 skal følgjer kote 148 og det vert lagt inn føresegner for omsynssona.

Kartutsnitt viser omsynssone for flom



NVE ser ikkje behov for meir dokumentasjon om flaumtilhøva på den eksisterande campingplassen som ligg på eit høgare nivå (over 148 m.o.h.). NVE meiner kulverten under Lifjellvegen har god kapasitet, og ved ein stor flaum vil vatnet renne over Lifjellvegen dersom det skulle bli oppstuvning ved kulverten.

Samla vurdering

Kommunedirektøren har ikkje andre kommentarar til endringar i plankart og føresegner enn dei som er nemnt i sakomtala. Planomtala vert oppdatert tilsvarande.

Vedlegg:

27.04.2020	Detaljreguleringsplan for Bø Camping, 1. gongs handsaming	1344690
27.04.2020	Planomtale, Bø Camping_rev.16.01.20	1344691
27.04.2020	Reguleringsføresegner Bø Camping	1344692
27.04.2020	Rev07.02.20 Reguleringsplan.Bø camping – 070220	1344693
27.04.2020	Bø Camping Flomindeks-rapport_26.3.2020	1344686
27.04.2020	Tilbakemelding til NVE - Offentlig ettersyn - Detaljreguleringsplan for Bø Camping - Midt-Telemark kommune - Planid 04_57_2018	1344687
27.04.2020	Tilbakemelding til NVE - Offentlig ettersyn - Detaljreguleringsplan for Bø Camping - Midt-Telemark kommune - Planid 04_57_2018	1344688
27.04.2020	Detaljreguleringsplan for Bø Camping , offentlig ettersyn, planid 04_57_2018	1344689
27.04.2020	Svar frå NVE - Offentleg ettersyn - Detaljreguleringsplan for Bø Camping - Midt-Telemark kommune - Planid 04_57_2018	1344680
27.04.2020	Uttalelse - Reguleringsforslag - Bø camping - reguleringsplan - planid 04 57 2018 - Midt-Telemark kommune	1344681
27.04.2020	Uttale til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for Bø Camping - Midt-Telemark kommune - planID 04572018	1344682
27.04.2020	Hellebekk - Bø camping	1344685
17.04.2020	Hellebekk - Bø camping	1344683
17.04.2020	Bø Camping Flomindeks-rapport_26.3.2020	1344684

Parter:

Arthur Bø
Søndergaard Rickfelt AS

